

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 15/13110-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

771/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 08.01.2016

Vedlegg til sak:**Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune****Saksutgreiing for Røyrvik kraftverk****1. Omtale av tiltaket.**

Tiltaksområdet ligg i øvre del av Osenvassdraget. Kraftverket er planlagt i Røyrvikelva som renn mellom Øyravatnet og Røyrvikvatnet. Langevassgrova kjem frå Langevatnet og renn ut i Røyrvikelva eit stykke nedanfor det planlagde inntaket. Frå samløpet som ligg på kote 227, renn Røyrvikelva gjennom eit område med skog på sørsida av elva. På nordsida av elva er det beiteområde øvst og dyrka mark nedst mot vatnet.


Søkjjar er Røyrvik Kraft AS som er eit selskap under skiping og eigd av grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

Røyrvik kraftverk

Tilsig	Hovudalt. samla	Overføring
Nedbørsfelt , km ²	15,6	4,1
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	1,36	0,35
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	60	17
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	95	22
Fem-persentil* vinter, liter/sek	84	16
Restvassføring**, liter/sek	87,1	
Kraftverk		
Inntak, kote	262	270
Avløp, kote	192	262
Lengde påvirka elvestrekning, km	0,86	0,29
Brutto fallhøgde, meter	70	
Slukeevne, maks m ³ /sek	2,46	0,8
Slukeevne, min m ³ /sek	0,2	
Installert effekt, maks MW	1,4	
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	95/84	
Brukstid, timar	350	
Produksjon		
Årleg middel, GWh	5,18	
Økonomi		
Utbyggingskostnad, mill. kr.	21,35	
Utbyggingspris, kr/kWh	4,12	

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

** Middelvassføring frå restfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen.




Røyrvik kraftverk. Blå strekar er overføring frå Langevassgrova og rørgata frå inntaket og ned.

Det skal byggast terskel av betong (lengde 24 meter og høgde opp til 2 meter) og inntak til kraftverket i elva ved utløpet frå Øyravatnet. Overføringa frå Langevassgrova vil få utløp like ovanfor inntaket. Rørgata skal gravast ned langs nordsida til elva og utløpet frå kraftstasjonen (grunnflate 80 m²) vil gå tilbake til elva om lag 30 meter før elva sitt utløp i Røyrvikvatnet. Frå kommunevegen i Røyrvik går det landbruksveg langs vatnet mot den planlagde kraftstasjonen. Frå denne vegen må det byggast ca. 90 meter ny veg til stasjonen. Vidare til inntaksområdet ved Øyravatnet går det skogsveg. Frå denne vegen og til inntaket må det byggast 70 meter ny veg. Om lag 100 meter lenger nede er det ei bru der skogsvegen kryssar Røyrvikelva. Frå brua og opp til inntaket i Langevassgrova er vegen i dårleg stand, og det må i praksis byggast 480 meter ny veg. Eksisterande og nye vegar er tenkt å bli permanente. Tilknytning til eksisterande linjenett er planlagt via ein 200 meter lang jordkabel.



Illustrasjon. Blå strekar er rør/vassveg. Raude strekar er nye vegar.



Inntaksområdet ved utløpet frå Øyravatnet. Terskelen vil krysse elva nedanfor dei største steinane.



Kraftstasjonsområdet på dyrka mark ved Røyrvikelva sitt utløp i Røyrvikvatnet.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket tilsvarende 5-persentil, 95 liter/sek om sommaren og 84 liter/sek om vinteren. Middelvassføringa frå restfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen er berekna til 87 liter/sek. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket overstige maksimal slukeevne i kraftverket i 46 dagar.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Det er venta ubetydelege eller små negative konsekvensar av aktuelle inngrep.

Raudlistearter, sitat side 21 i søkn.

Prosjektområdet har middels verdi for raudlistearter, mens tiltaket vil få ein liten negativ konsekvens.

Terrestrisk miljø, sitat s. 21 i søkn.

Prosjektområdet har middels verdi for terrestrisk miljø, mens tiltaket vil få ein liten negativ

konsekvens.

Akvatisk miljø, sitat side 22 i søkn.

Røyrvikvatnet har tett fiskebestand og det har vore liten interesse for fisking dei seinare åra. Det same gjeld elva mellom Røyrvikvatnet og Øyravatnet. Prosjektområdet vurderast å vere av liten verdi for akvatisk miljø. Konsekvensen av ei utbygging er liten negativ.

Landskap, sitat side 22 og 25 i søkn.:

Det meste av området som blir råka av utbygginga kan karakteriserast som kulturlandskap. Rundt jordbruks og beiteområda er landskapet skogkledd og elva som renn i eit søkk i terrenget er soleis lite synleg i landskapsbiletet. I dalbotnen innover mot Langevatnet og området rundt Øyravatnet er terrenget prega av større myrområder. Tilløpsrøyret vil bli nedgravd på heile strekninga og fordi røyret hovudsakeleg går over innmark vil terrenget bli re-etablert etter kort tid. Det er gjort inngrep i heile prosjektområdet til Røyrvik kraftverk. I tillegg vil den nye 132 kV linja som skal byggast mellom Gjengedal og Storebru, går rett over prosjektområdet til Røyrvik kraftverk. Ei utbygging er venta å påverke landskapet i liten grad og med liten negativ konsekvens i byggeperioden og ubetydeleg konsekvens i driftsperioden.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 26 i søkn.

Basert på den kunnskapen ein har på noverande tidspunktet er verdien i forhold til kulturminne liten. Slik planane er presentert no, vil ikkje tiltaket komme i konflikt med kjende kulturminner og konsekvensen av tiltaket vil vere ubetydeleg.

Brukarinteresser, sitat side 27 i søkn.

Prosjektområdet er først og fremst nytte som landbruksareal. Vegane som går inn i området i dag, blir nytta til skogsdrift men også som turveg og for ettersyn av beitedyr i sommarsesongen. Dei nye vegane vil betre forholda for både skogsdrifta og turveg. Elva mellom Øyravatnet og Røyrvikvatnet har ikkje vore nytta til fiskeelv. Prosjektområdet vurderast å ha middels verdi for brukarinteresser. Vegane i prosjektområdet vil bli opprusta, noko som i første rekke vil få ein liten positiv konsekvens for grunneigar som driv jordbruk og skogsdrift.

Samfunnsmessige verknader

Aktuell investering er kalkulert til 21,35 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til ca. 4,12 kr/kWh, som er over middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 29 i søkn.

.....Prosjektet som lettast kan sjåast i samanheng med Øyrane kraftverk som er planlagt konsesjonssøkt samstundes med Røyrvik kraftverk. Prosjektområdet til Øyrane kraftverk ligg i same vassdraget, 1-2 km oppstrøms Røyrvik kraftverk. Slik utbyggar vurderer desse utbyggingane, vil tema som landskap og friluftsliv vere lite konfliktylte sjølv om begge prosjektområda ligg innanfor eit relativt lite geografisk område. Elvestrekningane som i deler av året vil få redusert vassføring, er i liten grad synleg i terrenget. Turgåarar som vil ferdast i områda vil ikkje etter utbyggar sitt syn få redusert si oppleving av naturen. Småkraftutbyggingar i Hyenområdet dei seinare åra, har vist at dei gardsbruka som har fått betra økonomien grunna kraftinntekter har kunne fortsetje å driva småbruka og halda desse i hevd. Konsekvensen av å ikkje bygge ut småkraftverk i området kan bli attgroing og forringing av kulturlandskapet.

Avbøtande tiltak.

Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket i Røyrvikelva tilsvarande 5-persentil, 95 liter/sek om sommaren og 84 liter/sek om vinteren. Det kan vere aktuelt å bygge tersklar i den nederste delen av elva.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 5,18 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Opprusta og nye vegar vil også bety betre forhold for landbruk og skogsdrift. Planlagt investering i tiltaket er 21,35 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 4,12 kr/kWh, som er over middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, overføring, rørgate, vegar og kraftstasjon, og redusert vassføring i Langevassgrova og Røyrvikelva.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Røyrvikelva og Langevassgrova ligg ikkje i fjordlandskap og her er ikkje fossar som er markerte som viktige landskapselement, jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Tiltaksområdet er i nær

tilknytning til område med landbruk og skogsdrift, og er difor lite problematisk i forhold til landskap, friluftsliv og turisme.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom det vert gjeve løyve til utbygging, slik at viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, stein-gardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Dersom det blir gjeve konsesjon, må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i samband med utarbeiding av MTA-plan. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i samband med undersøkingsplikta. Dersom det blir gjeve konsesjon, ber vi om at NVE set dette inn i konsesjonsvilkåra. Ei registrering må gjerast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Kulturavdelinga i god tid før arbeidet kan gjennomførast og bereknast tilstrekkeleg tid til evet. etterfølgjande arbeid. Tiltak og anleggs-verksemnd må tilpassast kulturminne og kulturminneområde.

Krav om oppfølging av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i samband med utarbeiding av MTA-plan, må settast som konsesjonsvilkår.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil bety små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.